

Innkalling

Utval: Giske kontrollutval
Møtestad: Giske rådhus, møterom aust/vest 3. etg
Dato: 08.05.2025
Tidspunkt: 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: solveig.kvamme@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Merk starttidspunkt!

Sakliste

- PS 14/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 15/25 Orienteringar
- OS 02/25 Orientering knytt til eigarstyring og utøving av eigarskap

- PS 16/25 Nummerert brev 01 frå revisor til kontrollutvalet
- PS 17/25 Kontrollutvalet sin uttale til årsmelding og årsrekneskap 2025

- PS 18/25 Meldingar og skriv
- MS 09/25 Status arbeidet med forvaltningsrevisjon
- MS 10/25 Varsel om møter i eigarorgan heileigde selskap
- MS 11/25 Høyring om anbefalinger for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder

Ålesund, 02.05.2025

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 20.03.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 15/25 Giske kontrollutval

Møtedato
08.05.2025

Orienteringar

Underliggende saker

02/25 Orientering knytt til eigarstyring og utøving av eigarskap

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 02/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Orientering knytt til eigarstyring og utøving av eigarskap Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Ordførar er invitert til og har takka ja til å gje kontrollutvalet ei orientering knytt til eigarstyring og utøving av eigarskap.

Først og fremst knytt til Giske legesenter AS. Det er verd å legge merke til at det i postlista kjem fram at det har vore ei ekstraordinær generalforsamling i dette aksjeselskapet i februar. Protokollen frå møtet ligg ved her. Kontrollutvalet har ikkje vore kjent med at denne generalforsamlinga skulle haldast. Kommunelova 23-6 er klar på at kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ.

Så gjeld det utvikling av Gjøvsundområdet, der ordføraren er oppmoda til å gje ei orientering til kontrollutvalet primært med fokus på eit eigarperspektiv og korleis ein ser for seg at eigarstyringa skal formaliserast?

Til slutt så er det av interesse for kontrollutvalet å få vite kva som er status på arbeidet med eigarmeldinga for perioden 2024-2027. Når er planen at kommunestyret skal vedta denne?

Etter at kontrollutvalet har fått orienteringa til ordføraren så kan kontrollutvalet vurdere om det er kome fram noko i orienteringa som kontrollutvalet ynskjer å følge opp seinare. I så fall må utvalet be sekretariatet om å førebu ei sak på det.

Vedlegg

Ekstraordinær generalforsamling 13.02.2025 - protokoll - Giske kommunale legesenter AS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 16/25 Giske kontrollutval

Møtedato
08.05.2025

Nummerert brev 01 frå revisor til kontrollutvalet Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skriftleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Vurdering:

Revisor har i brev til kontrollutvalet datert 14.04.2025 gjort kontrollutvalet merksam på at Giske kommune har betalt inn mindre låneavdrag enn det som er påkrevd som minimumsavdrag pr 31.12.2024.

Revisor viser til at minimumsavdraget er korrekt ført i rekneskapen og at det derfor ikkje får betydning for revisjonsmeldinga knytt til årsrekneskapen 2024.

Revisor kan i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og korleis revisor vil følgje opp dette vidare.

Sekretariatet er av den oppfatning at kontrollutvalet kan ta dette nummererte brevet til vitande.

Vedlegg

Nummerert brev nr 1 - Giske kommune

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 17/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Kontrollutvalet sin uttale til årsmelding og årsrekneskap 2025 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 er:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Giske kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024 for Giske kommune.

Bakgrunnsinformasjon:

Kommunelova fastset at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding før formannskapet innstiller til vedtak. Når formannskapet fremmer saka vidare til kommunestyret for vedtak, skal uttalen frå kontrollutvalet ligge ved saka.

Grunnlaget for den uttalen som Sykkylven kontrollutval skal gje, er Giske kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2024 samt uavhengig revisor si melding datert 15.04.2025.

Årsmeldinga skal omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Vidare skal årsmeldinga innehalde ei vurdering av:

- Føretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for føretaket eller innbyggerane.
- Informasjon om der er avvik i høve budsjett eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruk av løyvingane
- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.
- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.

Vurdering:

Kommunelova seier at kontrollutvalet skal uttale seg om årsrekneskap og årsmelding, men det er ikkje gitt nærare føringar om innhaldet i uttalen. Kommunal- og distriktsdepartementet har i sin rettleiar til forskrift om kontrollutval og revisjon sagt følgjande:

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalgets uttale vil dermed være de feil og mangler eller andre forhold som regnskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til regnskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret og sjå til at rekneskapa vert reviderte på ein forsvarleg måte. Dei kontrollpunktene som kontrollutvalet har hatt regelmessig med revisor gjennom dette rekneskapsåret, har hatt fokus på kommunen si verksemd samla sett. Utvalet har ein god dialog både med revisor og med kommunedirektør.

Årsrekneskap og årsmelding 2024 for Giske kommune og melding frå revisor vart gjeven innan dei fristar lova set.

Når det gjeld årsrekneskapa 2024 så viser den at Giske kommune har eit netto negativt driftsresultat på kr 16 787 196. Revisor har i si melding ikkje gitt merknadar til årsrekneskapa eller årsmeldinga. Revisor stadfestar at kommunen har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringsskikk. Revisor melder at årsrekneskapa inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapa.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova er å vareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien. I årsmeldinga under avsnittet "oppfølging av handlingsreglar" finn ein omtale av utviklinga for finansielle måltal. Kontrollutvalet bør merke seg at for 2024 er utvikling av måltalla negative. Revisor omtaler dette i sin rapport under punkt 4.1.

I årsmeldinga skal det gjerast greie for moglege budsjettavvik. Revisor omtaler og viser til det ansvaret som ligg i å forklare beløpsmessige avvik og premissane for desse. I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga til Sykkylven kommune gjev tilstrekkeleg informasjon om dei budsjettavvik som er vesentlege.

Kontrollutvalet kan gjerne vurdere om der er forhold ein ynskjer å gjere kommunestyret særskilt merksam på i uttalen, sjølv om utvalet uttaler at kommunestyret bør godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024.

Lovheimlar:

Kommunelova § 14-3: Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning
Forskrift om kontrollutval og revisjon § 3: Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Vedlegg

Årsmelding 2024 - Giske kommune

Revisjonsmelding 2024 - Giske kommune

Revisor sin rapport etter årsoppgjer 2024

Oppdragsansvarleg revisor si uavhengighetserklæring 2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 18/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

09/25	Status arbeidet med forvaltningsrevisjon
10/25	Varsel om møter i eigarorgan heileigde selskap
11/25	Høyring om anbefalinger for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 09/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Status arbeidet med forvaltningsrevisjon

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

24. april vart det gjennomført eit oppstartsmøte med kommunedirektør og kommunalsjef for helse og omsorg. Prosjektplanen vart gjennomgått med vekt på punkta kor kommunen kan kome med innspel.

Revisjonen vil gå i gang med dokumentanalyse og vil få støtte frå rådgjevar med ansvar for Compilo. Vidare vil revisjonen i fyrste omgang sette opp intervju med kommunalsjefane og dei fire leiarane under kommunalsjef for helse og omsorg, samt leiar for samhandling og koordinering.

Det kom fram at problemstillingar knytt til struktur og lokalisering av tenester er ein viktig del av utfordringsbiletet på helsefeltet, også når det kjem til bemanning- og rekrutteringsspørsmål. Kommunen har gjort mykje arbeid med mellom anna turnus, «vinn-vinn-prosjektet» og LEAN-prosjektet som revisjonen vil sjå nærare på i prosjektet.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 10/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Varsel om møter i eigarorgan heileigde selskap

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal halde seg informert om dei selskapa som Giske kommune har eigarinteresser i.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere kjent med eigarmøter/årsmøter i desse selskapa, og skal difor få varsel om kor tid slike møter vert haldne.

Vedlagt er dei varsel om dato som kontrollutvalsrådgivaren er kjent med når saka vert skreven.

Vedlegg

Varsel om representantskapsmøte 22.05.2025 - Sunnmøre kontrollutvalssekretariata IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 11/25	Giske kontrollutval	08.05.2025

Høring om anbefalinger for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Forum for kontroll og tilsyn i lag med NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har i samarbeid utarbeidd anbefalinger om god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata. Desse anbefalingane har tatt føre seg ulike tema, og er meint for å gje relevant veiledning til kontrollutvalsekretariata om det aktuelle temaet som anbefalinga er knytt til.

Denne gongen handlar anbefalingane om korleis sekretariatet kan organisere det, om kontrollutvalet ynskjer å nytte verksemdsbesøk som ei av dei kontrollhandlingane kontrollutvalet gjennomfører.

Før anbefalingane vert vedtekne av styra i FKT og NKRF, så vert det sendt ut på høring til alle medlemmane.

For FKT sin del så består medlemsmassen av kontrollutvalsekretariata (selskapet) og kontrollutvala (kommunen). Når det gjeld NKRF så er medlemsmassen bedriftsmedlemmer (revisjonselskap og sekretariatsselskap) og enkeltmedlemmer (tilsette som sjølv ynskjer å vere medlem).

Om Giske kontrollutval ynskjer at sekretariatet skal sende inn høyringsvar på vegne av kontrollutvalet, så må utvalet gjere vedtak om det i møtet. Høyringsfristen er sett til 15. juni 2025.

Vedlegg

Høyringsbrev om anbefaling verksemdbesøk
Høyring frist 15.06.2025 – verksemdbesøk